

Representantskapsmøte 2025 Sunnmøre friluftsråd kommunalt oppgåvefelleskap

Saksliste

Årsmøte vert halde på **Godøya i Giske, onsdag 2. april** kl. 18.00. Møtestad: Godø Lodge (Godøyveien 317, 6055 Godøy Møre og Romsdal)

Program i samband med representantskapsmøtet:

Kl. 17.00 er det synfaring i friluftsområde (oppmøte ved møtelokalet) v/styremedl. Jan Ove Skodje

Kl. 18.00 startar årsmøtet på Godø Lodge

I starten av møtet:

- Matservering og visning av jubileumsfilmen Sunnmøre friluftsråd 50 år 2024
- Helsing frå ordførar i Giske kommune Kenneth Langvatn
- Orientering om Friluftsåret 2025

Saksliste:

- Sak 1/25: Godkjenning av innkalling og saksliste. Registrering oppmøte årsmøteutsendingar.
Sak 2/25: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under protokollen
Sak 3/25: Årsrapport og årsberetning 2025
Sak 4/25: Årsrekneskap 2024
Uavhengig revisor MR Revisjon SA beretning 2024
Sak 5/25: Medlemskontingent for 2026
Sak 6/25: Andre innkomne saker
Sak 7/25: Handlingsplan 2025-2027 med arbeidsplan for 2025
Sak 8/25: Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 4 år
Sak 9/25: Val – valnemnda si innstilling
Sak 10/25: Val av valnemnd

Saksliste og alle vedlegg ligg på [friluftsradet.no/Om oss/Styret og representantskapet](https://friluftsradet.no/Om%20oss/Styret%20og%20representantskapet)



SFR sak 1/25: Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksframlegg:

Representantskapet er sendt innkallinga på e-post 5. mars 2025 via kommunane sine postmottak.

Det er også orientert om møtedato for representantskapet i brev til kommunane.

Vedlegga til sakslista ligg ved i digital lenke: [friluftsradet.no/Om oss/Styret og representantskapet](https://friluftsradet.no/Om_oss/Styret_og_representantskapet)

Framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkallinga og sakslista for representskapsmøtet 2025.

SFR sak 2/25: Val av ordstyrar og sekretær, og to personar til å skrive under møteboka

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet vel:

- 1. Eva Hove som ordstyrar og Anne Berit S. Emblem som sekretær***
- 2. og til å skrive under møteboka.***

SFR sak 3/25: Årsrapport og årsberetning 2024

Saksframlegg:

Jf. samarbeidsavtalen § 5 pkt. 4 skal årsrapporten gjere greie for gjennomføringa av fjorårets arbeidsplan og oppfylle krava til rapportering frå deltakarkommunane. Årsrapporten er ei oppsummering som speglar aktiviteten i Sunnmøre friluftsråd i 2024. Årsrapporten gir eit godt bilete av kor breitt friluftsrådet jobbar med både fleire store aktivitetsprosjekt, arbeid mot marin forsøpling, skjergardsteneste og drift av friluftsområde.

Friluftsrådet skal også ha Årsberetning som fyller krava i kommunelova for kommunale oppgåvefellesskap.

Vedlegg: Årsrapport og årsberetning Sunnmøre friluftsråd 2024 (vert også utdelt i møtet)

Framlegg til vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner årsrapport og årsberetning Sunnmøre friluftsråd for 2024.

SFR sak 4/25: Årsrekneskap 2024

Saksframlegg:

Tala i saka er runda av til næraste desimal.

Årsoppgjeret viser ein omsetnad i 2024 på **17,68 mill. kr** (2023: 18,15 mill. 2022: 15,7 mill. 2021: 13,9 mill.). Samla utgifter i 2024 er på **17,46 mill. kr** (2023: 18,1 mill., 2022: 14,7 mill. 2021: 14,8 mill.)

Årsresultatet i 2024 er på 0,038 mill. kr (2023: 0,03 mill., 2022: 1,1 mill., 2021: - 0,8 mill.)

Kontingenten frå deltakarkommunane i 2024 er på totalt 3,27 mill. kr (2023: 3,2 mill., 2022: 3,1 mill. 2021: 2,9 mill.) og utgjør framleis om lag 20 prosent av inntektene.

Øvrige 80 prosent av inntektene er i all hovudsak prosjektstøtte og noko driftsmidlar frå Friluftsrådernes Landsforbund (FL), Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond/Rydd Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK), Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen, Watten og sponsor- og salsinntekter frå lokalt næringsliv. Det er særleg arbeid mot marin forsøpling og drift av skjergardstenesta som fekk tilskot, men også aktivitetsprosjektet «Slå på ringen», «StikkUT!» og andre aktivitetstiltak og tilrette- leggingstiltak fekk støtte.

Lønnsutgiftene er største utgiftsposten. I 2024 er samla lønnsutgifter vel 8,7 mill. kr (2023: 8,4 mill., 2022: 7,4 mill., 2021: 7,1 mill.) Dette er 0,3 mill. høgre enn i 2023, eller ei auke på 3,3%.

Varekostnader er 3,2 mill. kr i 2024 (2023: 4,1 mill., 2022: 2,8 mill., 2021: 3,2 mill.). Dette er ein reduksjon på 0,9 mill frå året før. **Andre driftskostnader** er 5,1 mill. kr i 2024 (2023: 5,1 mill., 2022: 4,2 mill, 2021: 4,1 mill.). Dette er tilsvarande som året før.

Friluftsrådet har om lag same, eller ein liten nedgang prosjektaktivitet i 2024 som i 2023, spesielt innan marin forsøpling, og derigjennom fleire arbeidstimar og auka drift. Lønnsvekst, vare- og driftskostnader er dekt inn gjennom prosjektbudsjetta.

Sjå også årsrapport 2024 for oversikt økonomi. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal fører også eige rekneskap og budsjett.

Vedlegg:

- Årsrekneskap 2024 med noter og årsrekneskap 2024 kontospesifisert (sjå digital lenke til vedlegg)
- Revisjonsmelding frå Møre og Romsdal Revisjon SA 2024 (vert lagt ut når denne er klar)

Framlegg til vedtak:

Sunnmøre friluftsråd (KO) er eit eige rettssubjekt som fører eigen rekneskap (jf. samarbeidsavtalen § 19). Representantskapsmøtet godkjenner rekneskapen for 2024.

SFR sak 5/25: Medlemskontingent for 2026

Saksframlegg:

Samarbeidsavtalen §5 seier at representantskapsmøtet «skal fastsette neste års medlemskontingent. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet».

I 2017 vart medlemskontingenten 18 kr. Frå 2020 til 2025 er medlemskontingenten auka frå 19,09 kr til 21,63 kr per innbyggjar. Styret innstiller på at medlemskontingenten for 2026 ikkje skal aukast. Styret vil vere lydhør for innspel frå medlemskommunane.

Framlegg til vedtak:

Medlemskontingenten for Sunnmøre friluftsråd (KO) for 2026 vert sett til 21,63 kr per innbyggjar.

SFR sak 6/25: Andre innkomne saker til representantskapet

Eventuelt innkomne saker vert ettersendt.

SFR sak 7/25: Handlingsplan 2025-2027 med arbeidsplan for 2025

Saksframlegg:

Vedlagte dokument kombinerer ein treårig handlingsplan for perioden 2025-27 med arbeidsplan/prioriterte prosjekt for 2025. Dette heng saman med kva prosjekt friluftsrådet har fått støtte til i år. Handlingsplanen bygger på formålet til friluftsrådet som står i samarbeidsavtalen § 3, og berekraftsmåla.

Årsmeldinga rapporterer på gjennomføring av handlings- og arbeidsplanen, og har same kapittelinndeling.

Vedlegg:

- Handlingsplan for Sunnmøre friluftsråd 2025-27
- Arbeidsplan/prioriterte prosjekt for 2025 (sjå digital lenke til vedlegg)

Framlegg til vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner Handlingsplan for Sunnmøre friluftsråd (KO) 2025-27 og arbeidsplan for 2025.

SFR sak 8/25: Årsbudsjett 2025

Saksframlegg:

Framlegget til budsjett 2025 viser forventa samla **driftsinntekt på 21 240 000 mill. kr** og 6 600 000 mill. kr er forventa internoverføringar på prosjekttimar. Det er forventa samla **driftskostnad på 27 850 000 mill. kr.** i 2025. Oppsummert er det forventa eit samla **driftsresultat som går i balanse** i 2025.

Det er mottekne nokre tildelingar og tilskot som er lagt til grunn for budsjettet 2025. Spesielt for avd. 30 Aktivitet er ikkje alle tildelingane klare, her er beløpa i prosjektsøknadane lagt til grunn. Av erfaring vert tildelingane noko lågare enn søknadane. Budsjettet vert revidert i august 2025 om behov.

Fordeling av forventa inntekter og utgifter etter avdeling (avrunda tal):

	Inntekter 2024	Kostnader 2024
Inntekt avd. 10 Administrasjon inkl. arb.bilar	4 390 000	11 000 000
Inntekt avd. 20 Drift og anlegg	1 190 000	1 190 000
Inntekt avd. 30 Aktivitet	6 240 000	6 240 000
Inntekt avd. 40 Skjærgårdstjenesten MR	6 000 000	6 000 000
Inntekt avd. 50 Marin forsøpling	3 420 000	3 420 000
Inntekt avd. 60 Utstyrsbase		
SUM INNTEKTER	21 240 000	
Prosjektinntekter til avd 10 - internoverføring	5 610 000	
Prosjektinntekter avd 40 - internoverføring	1 000 000	
TOTALT	27 850 000	27 850 000

Merknad til tabell: Prosjektinntekter frå prosjektarbeidstimar innan Aktivitet (avd. 30) og Marin Forsøpling (avd. 50) er med å finansiere kostnader i Administrasjon (avd. 10) og Drift (avd. 20). Bl.a. blir lønn, husleige, arbeidsbilar og IKT kostnadsført på avd. 10.

Budsjettet viser ambisjonen til friluftsrådet om høg aktivitet også i 2025. Det er forventa auka omsetnad i avd. 30 Aktivitet og avd. 50 Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal. Der er derimot forventa lågare omsetnad i avd. 50 Marin forsøpling enn i fjor fordi tilskot frå Handelens Miljøfond er redusert eller fjerna.

Vedlegg: Årsbudsjett for 2025 (sjå digital lenke til vedlegg).

Framlegg til vedtak:

- 1. Representantskapsmøtet godkjenner årsbudsjettet for 2025.**
- 2. Representantskapsmøtet gir styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida blir avklart.**

SFR sak 9/25: Val

Saksframlegg:

Val til styret er omtalt i Samarbeidsavtalen § 5, punkt 12 a. Kvar deltakarkommune har 1 styremedlem med personleg vararepresentant pr. 20.000 innbyggjarar. Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane med vara vere på val kvart år. Det er deltakarkommunane som vel sine styremedlemmar med personleg vara i forkant av representantskapsmøtet, desse er oversendt valnemnda (sjå digital lenke til vedlegg) For å oppfylle kjønnsrepresentasjonen (40%), må styret (17 medlemmar) ha minimum 7 kvinner/menn.

Innmeldte styremedlemmar som kommunestyra har valt for perioden 2025 - mars 2027:

Kommune	Styremedlemmar (innstilte)	Vararepr. (innstilte)
Herøy	Janne-Katrin Hansen Sævik (ny)	Torbjørn Anton Hide (ny)
Stranda	Thomas Roset (ny som fast)	Gunhild Kvam (ny)
Sula	Nils Erik Bjørkavåg (attval)	Åse Petrin Vegsund (ny)
Vestnes	Ragnhild Tandstad (ny)	kjem
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes	Hilde Ellingsæter

Styremedlemmar valde for perioden 2023 - 2025 som allereie sit i styret (på val i mars 2026):

Kommune	Styremedlemmar (ikkje på val)	Vararepresentantar (ikkje på val)
Fjord	Eva Hove	Almar Bonsaksen Remme
Haram	Guttorm Kjerstad	Kathrine Pernille Beite
Hareid	Annika Brandal	Bernhard Harkjerr
Giske	Jan Ove Skodje	Kjersti Valderhaug Bakke
Sande	Sindre Slettebøl	Sara Fugledal Wiik
Sykkylven	Sveinung Vemøy	Eva Eline Tandstad
Ulstein	Berit Sandvik Skeide	Stig Ole Borgundvåg
Vanylven	John Willy Klungre	Njål Sivertstøl
Volda	Annlaug Sunde Stokke	Stig Helland
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal	Marita Aklestad
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen	Thor Erik Aag
Ålesund	Ole Grebstad	Unni Kristin Wiik

Oversikt kven som går ut av styret etter representantskapsmøtet:

- Bodil Tronstad Lie (Stranda)
- Jon Kåre Osdal (Vestnes)
- Linn-Therese Hansen Sævik (Herøy)

Val av styreleiar, nestleiar og revisor

Valnemnda skal innstille på styreleiar og nestleiar til representantskapsmøtet. Desse vert valde for eitt år. Valnemnda legg fram innstillinga under møtet (sjå digital lenke til vedlegg)

Styreleiar (2025-26):

Nestleiar (2025-26):

Valnemnda skal innstille på revisor til representantskapsmøtet. Denne vert vald for eitt år.

Valnemnda legg fram innstillinga under møtet:

Revisor (2025-26):

Framlegg til vedtak:

- 1. Representantskapsmøtet tek til vitande nye styremedlemmar med vara for perioden 2025-2027 som kommunane har meldt inn.**
- 2. Representantskapsmøtet vel: xx som styreleiar og xx som nestleiar fram til representantskapsmøtet 2026.**
- 3. Representantskapsmøtet vel: xx som revisor fram til representantskapsmøtet 2026.**

SFR sak 10/25: Val av valnemnd**Saksframlegg:**

Valnemnda skal bestå av tre medlemmar og ein vara, og at desse skal ha ulik funksjonstid over tre år (vara eitt år) for å sikre kontinuitet. Oversikt over sitjande valnemnd:

Leiar: Martin Kjøpstad, 2022-2025 (Vestnes)
Medlem: Bernhard Harkjerr (Hareid) 2024-2027 (Hareid)
Medlem: Karen Høydal 2025-2028 (Ørsta)

Det er styret som innstiller på representantar i valnemnda. Martin Kjøpstad har sete i tre år. Styret innstiller på at Jon Kåre Osdal går inn i valnemnda fordi han går ut av styret.

Framlegg til vedtak:

Representantskapsmøtet vel følgjande valnemnd med tre-årig rotasjon for faste medlemmar:

Leiar: Bernhard Harkjerr (Hareid) 2024-2027
Medlem: Karen Høydal (Ørsta) 2025-2028
Medlem: Jon Kåre Osdal (Vestnes) 2026-2029
Vara (eitt år):

Avslutning av representantskapsmøtet 2025

Representantskapsmøtet vert avslutta av styreleiar.